

Fra: Bjørn Inge Midtgård (bjorn.inge.midtgard@ferde.no)

Sendt: 14.09.2018 12:56:49

Til:

Kopi: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Emne: 18/13-1 Tilslutnad til endring av §10 i vedtektene til Ferde AS

Vedlegg:

Rogaland fylkeskommune
Postboks 130 Sentrum
4001 STAVANGER

Deres ref.:

Vår ref.:
18/13 - 1 / BJOMIDT

Dato:
14.09.2018

Tilslutnad til endring av §10 i vedtektene til Ferde AS

Styret i Ferde handsama 26.04.2018, styresak 29/2018, «Endring av §10 i vedtektene» og gjorde slikt vedtak:

«Styret i Ferde AS foreslår for generalforsamlingen i Ferde AS å endre vedtektene i pkt.10 fra;

På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast: 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2. Val av styre. 3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga. Til generalforsamlinga har Riksrevisjonen og Statens vegvesen møte- og talerett, og skal innkallast til denne på same måte som aksjonærane.

til å lyde slik;

«På den ordinære generalforsamlinga skal følgjande spørsmål handsamast og avgjerast: 1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2. Val av styre. 3. Andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer inn under generalforsamlinga.»

Bakgrunnen for forslaget om å endra §10 i vedtektene, er at i den nye bompenggeavtalen med Samferdselsdepartementet er det ikkje lenger noko krav om at Riksrevisjonen og Statens vegvesen skal ha møte- og talerett på generalforsamlinga. Ferde ser ikkje at det er nokon grunn til å oppretthalda ordninga med møte- og talerett for Riksrevisjonen og Statens vegvesen.

Ifølge delegasjonsreglementet for Rogaland fylkeskommune «Ansvar og myndighet i Rogaland fylkeskommune» DEL 2, pkt. 2, er det fylkestinget som «vedtar vedtekter og endringer i vedtekter for fonds, fylkeskommunale foretak, stiftelser, aksjeselskap med videre». Ferde AS ber derfor fylkesrådmannen i Rogaland fremja sak til fylkestinget om godkjenning av den ovanfor nemnde

endringa av §10. Generalforsamlinga i Ferde AS må deretter godkjenna vedtektsendringa, jfr. § 5 -18 i Aksjeloven, før endringa vert gjeldande.

Med helsing

Trond Juvik
administrerende direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til

Aust Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Hordaland fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Vest Agder fylkeskommune	Tordenskjoldsgate 65	4605	KRISTIANSAND S